



Absolutt Form - Rolf Hermansen
Bredsgården 2
5003 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/568 - 18/12579

Saksbehandlar:
Silje Haukedal
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:
30.08.2018

Byggesak Gbnr 41/12 Birkeland - uthus/grillhus, veg og rehabilitering av våningshus - mellombels svar

Kommunen synar til sitt brev datert 04.05.2018 samt dykkar supplerande søknad datert 08.06.2018.

Kommunen har kontrollert søknaden og tilleggsdokumentasjonen og finn at søknaden fortsatt ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Situasjonsplanen og lengdeprofilen av vegen visar ikkje vegen slik den faktisk er bygd. Det er ikkje samsvar mellom teikninga og innmålingsdata som er sendt kommunen.

Vidare har kommunen blitt gjort merksam på at det er etablert ny kai/påbygg av eksisterande kai på egedommen.



Kaien til høgre i bilete finn kommunen ikkje i sine arkiv. Dette er eit søknadspliktig tiltak i sjø som krev løyve både frå kommunen og Bergen Havn. Når tiltaket krev dispensasjon frå kommunale planer gjev Bergen Havn førehandstilsegn i saka.

Vegen frå kaien og mot venstre er ikkje vist i situasjonsplanen/lengdeprofilen.

Vidare kan ikkje kommunen sjå at etterspurt dokumentasjon knytt til miljøsanering og avfallsplan er mottatt. Kommunen har vidare bedt opplyst om avfallet som er vist som hutonit er eternitt plater.

Ansvarstrettar / Gjennomføringsplan

Søknaden inneheld ikkje ansvarsrett for prosjektering miljøsanering.

For område utførelse av arbeid for verneverdig bygning kjem det fram at både Os kaiservice AS og Absolutt form har ansvar. Det er vidare lagt ulik tiltaksklasse for området i gjennomføringsplanen. Det ligg ikkje ved ansvarsrett frå Absolutt form for arbeida. Viss det her er gjort eit grensesnitt mellom føretaka må det kome fram av ansvarsrettar og gjennomføringsplan. Dette må beskrivas for.

For prosjektering av veg og uteområde er det ikkje kryssa av for at prosjektering blir gjort til søknad om igangsetjingsløyve. Kommunen ber om informasjon om alle arbeida er utført utan at prosjektering er gjennomført.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonsplan/lengdeprofil som visar vegen slik den er bygd.
2. Søknad om kai, oppdatert situasjonsplan som visar kaien, målsatt.
3. Miljøsaneringsbeskrivelse
4. Avfallsplan
5. Dokumentasjon på at avfall er levert godkjent deponi – kvittering for innlevert avfall
6. Ansvarsrett for PRO miljøsanering
7. Opplysningar og dokumentasjon for ansvarsområde UTF arbeid med bevaringsverdig bygning
8. Oppdatert gjennomføringsplan
9. Opplysningar om prosjektering er utført før arbeida vart satt i gang.
10. Opplysningar om avfallet som er vist som hutonit er eternitt plater.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.09.2018.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal
Seniorrådgjevar tilsyn/jurist

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen og Omland Friluftsråd Hellebakken 45 5039 Bergen

Mottakrar:

Absolutt Form - Rolf Hermansen Bredsgården 2 5003 BERGEN